



Helen og Tore Johnny Balestrand
Reikeråsvegen 211
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/550 - 16/23801

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2016

Gbnr 27/5 Øvretvedt. Melding om vedtak i sak 098/16 i plan- og miljøutvalet.

I sak 098/16 i plan- og miljøutvalet gjorde utvalet slikt vedtak:

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet gir søkjar løyve til deling av tomt til bustadføremål på gbnr 27/5 Øvretveit. Plan- og miljøutvalet meiner klarlegging av fakta og drøfting av dei høve til jordlova og til gjeldande plan, syner at dei omsyna som ligg bak lova og planen ikkje vert råka av tiltaket. Plassering av huset er i høve til uttale frå vegstyresmaktene. Plan- og miljøutvalet er positive til auka busetning i bygda.

Plan- og miljøutvalet ser at fordelane klart er større enn ulempene med tiltaket. Ytterlegare grunningjevning viser i saksutgreiinga.

Vedlagd følg saksutgreiinga til orientering.

Saka må no sendast til fylkesmannen for at han kan vurdere å klage over kommunen sitt vedtak. Først når det er klart at fylkesmannen ikkje vil nytte seg av retten til å klage, er vedtaket endeleg og oppmåling kan finne stad.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:



Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke i desember 2015 gjeldande frå januar 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå LNF føremålet kr. 9200,-

Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet kr. 8500,-

Deling – jordlova §12 kr. 2000,-

Sum kr.19700,-

Klage etter forvaltningslova:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker frå ein fekk vite om vedtaket, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helen og Tore Johnny Balestrand

Reikeråsvegen 211 5913

EIKANGERVÅG